



Christian Haugland
Schrivarhaugen 23
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1741 - 14/6504

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
30.04.2014

RETUR AV IKKJE GODTEKE SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGJETAK PÅ GBNR. 23/376 I MELAND KOMMUNE

Det vert vist til søknad motteke 14.4.2014 om løyve til oppføring av garasje med hems på gbnr. 23/376 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-2.

Før kommunen kan handsame ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde naudsynte opplysningar og dokumentasjon i samsvar med pbl. § 21-2 første ledd. Kommuneadministrasjonen viser i den samanheng til andre ledd i same lovføresegn:

«Dersom tiltaket ikke kan forestås av tiltakshaver, jf. § 20-1 andre ledd, skal det sammen med søknad om tillatelse, så langt det er nødvendig, søkes om lokal godkjenning for ansvarsrett for ansvarlig søker, ansvarlig prosjekterende, ansvarlig utførende og ansvarlig kontrollerende for prosjektering og utførelse, jf. kapittel 22 og 23. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen kan tildele ansvarsrett. Søknad om lokal godkjenning for ansvarsrett skal være undertegnet av foretaket som søker om ansvarsrett.»

Plan- og bygningsloven tek utgangspunkt i at byggjetiltak skal prosjekterast, omsøkjast og utførast av foretak med ansvarsrett, jf. pbl. § 20-1. Samstundes inneheld pbl. § 20-2 m/ tilhøyrande byggesaksforskrift (SAK10) kapittel 3 ei rekkje unnatak for for konkrete byggjetiltak som tiltakshavar sjølv kan søke om. I høve til den omsøkte garasjen iføreliggjande sak inneheld SAK10 § 3-1 bokstav b følgjande unnatak:

«En enkelt frittliggende bygning som ikke skal brukes til beboelse, og hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebyggd areal (BYA) er over 70 m². Bygningen kan oppføres i inntil én etasje og kan i tillegg være underbygget med kjeller.» (Administrasjonen si understreking.)

Tekningane som er vedlagt søknade viser at den planlagte garasjen skal oppførast med to målbare etasjar, slik at unnataket i SAK10 § 3-1 bokstav b ikkje kjem til bruk. Slik garasjen er planlagt må den difor prosjekterast, omsøkjast og utførast av foretak med naudsynte ansvarsrettar i samsvar med pbl. § 20-1 siste ledd:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Søknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak som nevnt i første ledd skal forestås av foretak med ansvarsrett i samsvar med bestemmelser gitt i kapittel 22 og 23, med mindre annet framgår av §§ 20-2 eller 20-3.»

Saka vert på denne bakgrunn arkivert i påvente av eventuell innsending av ny og komplett søknad frå eit føretak med ansvarsrett.

Med helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Christian Haugland

Schriverhaugen 23 5918

FREKHAUG